

## Melder for sjeldan om barnemishandling og omsorgssvikt

**Ein reknar med at ni barn under tre år døyr kvart år i Noreg som følgje av mishandling av eller omsorgssvikt frå sine næraste. I Vestfold blei ein stefar dømd for å ha mishandla ein fem år gammal gut slik at han døydde. Etterforskning og tilsynssak viste at mange instansar hadde kunnskap som gjorde at dei burde ha reagert.**

Også i andre tilfelle er det blitt klart at helsepersonell har vore for atterhaldne med å melde frå. Teieplikta er eit viktig prinsipp i helsetenesta; ho er sterkt lovregulert og grunnleggjande for tilliten. Helsetilsynet har erfart at helsepersonell er redde for å melde også i dei tilfella der dei har plikt til det.

### Plikt til å melde

Helsepersonell i Noreg har etter helsepersonellova § 33 meldeplikt til barnevernet når dei trur at barn blir utsette for vald, seksuelle overgrep, kjønnslemlesting og alvorleg omsorgssvikt. Det er fordi ein meiner at vald og overgrep mot barn vedkjem det offentlege. Plikta byrjar å gjelde når det er grunn til å tru at eit barn blir mishandla i heimen, eller når det ligg føre andre former for alvorleg omsorgssvikt. Det er ikkje eit krav at helsepersonellet må ha sikker kunnskap om tilhøva for å melde, men det må vere meir enn ein vag mistanke. Det er barnevernet som skal avklare om det er hald i mistanken. Sjølv om det viser seg at det ikkje er det, har meldaren ikkje brote teieplikta.

Helsepersonell har også ei plikt til å varsle politiet dersom det er nødvendig for å avverje alvorleg skade på person.

Ved helseinstitusjonar skal det vere peikt ut ein person som har ansvar for å levere ut opplysningar til barnevernet. Andre er likevel ikkje fritekne frå plikta til å melde dersom den som er peikt ut, let vere å varsle.

### Kvar finst normene som skal leggjast til grunn?

Normer for god og forsvarleg praksis finn vi i faglitteratur, rettleiarar og i praksisfeltet. Der blir det gjort greie for kva signal som skal vekke mistanke om mishandling og omsorgssvikt, og for varslingsprosessen. Helsedirek-

toratet, Barne- og likestillingsdepartementet, Statens helsetilsyn, Barne-, ungdoms- og familieetaten er blant dei som har gitt ut relevante rettleiarar.

### Toppen av isfjellet

Statens helsetilsyn får kjennskap til saker der helsepersonell har late vere å varsle barnevern eller politi. Vi meiner derfor at vi berre ser toppen av isfjellet.

Men somme gonger kjem det opp saker. I 2009 fekk eit sjukehus kritikk for manglar ved internkontrollen og styringssystemet. Ein pasient fortalde helsepersonellet om overgrepa sine mot eit barn. Verken behandlarane eller leiinga sende melding om at dei var uroa, til barnevernet. Mannen melde seg sjølv til politiet etter å ha vore i kontakt med ein psykolog ved ein annan behandling sinstitusjon som informerte om at ho hadde varslingsplikt. I rettssaka som følgde, kom det fram at han hadde halde fram overgrepa mot barnet og misbrukt eit nytt barn i den perioden han gjekk til behandling. Sjukehuset hadde ikkje peikt ut ein person med ansvar til å formidle opplysningar til barnevernet. Sia sjukehuset i omfattande grad brukte utanlandske vikarysikiatrar, blei ikkje kontinuiteten i behandlinga sikra, og det var heller ikkje god journalføring. Fire psykiatrar og ein sjukepleiar fekk åtvaringar for brot på meldeplikta.

### Eit mogleg risikoområde

Statens helsetilsyn meiner at helsetenesta bør gjere eit lyft for å betre varslinga av vald mot, mishandling av og omsorgssvikt overfor barn. Ein veg å gå kan vere å identifisere det å la vere å melde frå som eit risiko-område og å setje inn betringstiltak.

«Statens helsetilsyn meiner at helsetenesta bør gjere eit lyft for å betre varslinga av vald mot, mishandling av og omsorgssvikt overfor barn.»

